

## Saksframlegg

Dato                      Referanse                      Saksbehandlar  
06.06.2024                      24/7306- 14                      Thomas Finnøy

Saksnr.	Utval	Møtedato
13/24	Vestlandsrådet - arbeidsutval	13.06.2024

## Drøftings sak - Neste møte i Vestlandsrådet - saker, dato og stad

### Vestlandsrådet - arbeidsutval 13.06.2024 - sak 13/24

#### Behandling

#### Vedtak:

Sakene administrasjonen la fram som forslag vart vedtatt tatt med i dagsorden til neste møte i Vestlandsrådet.

Det blei ein diskusjon ikring saka knytt til Høyringsvar frå Vestlandsrådet til "NOU 2024: 7 Norge og EØS: Utvikling og erfaringer", der det vart konkludert det følgjande:

- Høyringsvar frå Vestlandsrådet, og då basert på fylka sine høyringsvar, skal utarbeidast og sendast fram.
- Må be om utsett frist då neste møte i Vestlandsrådet kjem etter høyringsfristen 1. september.
- Vurdere eit eige arrangement- til dømes med Sintef, for å lære korleis hente meir ut av EØS-avtalen.
- Prosjektlear næringsstrategien, Iver Jan Leren, vil koordinere arbeidet med Vestlandsrådets høyringsvar.

Vidare vart det vedteke at neste møte i Vestlandsrådet var flytta frå den planlagde datoen 21. august, blant anna grunna konflikt med Nor Fishing 2024. Ny dato vart ikkje fastsett i møtet, men administrasjonen skal leggja fram forslag for AU for fastsetting av dato på e-post.

**Innstilling:**

Saka leggst fram uten innstilling.

**Bakgrunn**

I denne sak legg vi opp til ei drøfting i AU vedrørende;

- saker til handsaming i neste møte i Vestlandsrådet
- fastsetting av tid og stad for møtet

**Saker til behandling i neste møte i Vestlandsrådet:**

I tillegg til dei vanlege sakene har vi per no følgande moglege saker til møtet, presentert i noko tilfeldig rekkefølge.

**Møte med storbyaner i fylka:**

Det er allereie vedteke av AU at dette skal være hovudtema i neste møte - det visast til sak PS 07/24 frå AU-møte 14:03.24 og vedtak slik:

“AU var einige i at det kunne arrangere eit årleg møte der storbyregionane vart invitert inn, slik innstillinga tilseier. Det vart presisert at byregionane må komme med innspel til sakslista.

1. Vestlandsrådet AU stiller seg positiv til at storbyane Bergen, Stavanger og Ålesund inviterast til eitt møte årleg der byregionale saker blir diskutert innan ein kontekst av moglegheiter, utfordringar og kva ein kan få til saman.
2. I møtet i Vestlandsrådet 21.08.2024 blir dette hovudtema i tillegg til ordinære saker. Storbyane samordne seg og foreslår saker til denne delen av møtet.”

Sekretariatsleiar er i løpande kontakt med Bergen kommune som koordinerer på vegne av dei andre bykommunane vedrørende innhald i dette møtet.

**Fjord Norge - søknad om midlar til satsing på vinterturisme til Vestlandet - “Win29”:**

Vi har mottatt ei henvending frå Vestland fylkeskommune. Dei har hatt ein søknad om midler frå Fjord Norge til behandling. Saka har vore til behandling i Fylkesutvalet, og fleirtalet der samla seg om å sende søknaden frå Fjord Norge over til Vestlandsrådet og fremme den som sak der.

Søknaden er vedlagt.

Administrasjonen har vore i kontakt med Fjord Norge, og dei ønskjer å få presentere planane og det som er omsøkt i møtet.

## **Nordisk Atlantsamarbejde (NORA) - samarbeidet med Vestlandsrådet og medlemsfylka**

Vestlandsrådet har bidratt med midlar til NORA årleg sidan 2009, og seinaste bidrag for 2023 er DKK 150.000 (NOK154.000) - "til dækning af det nationale bidrag for 2023".

Som relativt stor bragsyter er det naturleg at Vestlandsrådet jamnleg vert oppdatert om kva NORA er, kva samarbeidet går ut på og kva moglegheiter som ligg i samarbeidet for Vestlandsrådet og medlemsfylka. Det kan og stillast spørsmål om samarbeidet er riktig organisert slik det er i dag.

Skal vi invitere NORA til ein presentasjon av samarbeidet og koeis det fungerer?

Link til NORA på nett: <https://nora.fo/>

## **Underfinansiert fergedrift - status på arbeidet med denne saka.**

Det visast til vedtak i Vestlandsrådet 10.04.2024:

"Vestlandsrådet seier seg einig at dette er ei viktig og felles sak som vi skal jobbe vidare med, og vurdere å invitere med Nordland Fylkeskommune.

Vestlandsrådet gir fylkesdirektørane oppdraget om å avklare og evaluere om ein skal utarbeide nødvendig og underbyggande informasjonsmateriale internt i fylkeskommunane eller om ein skal kjøpe inn en teneste frå ein ekstern aktør."

Presentasjon av status på dette arbeidet, og korleis ein skal vidareføre dette.

## **Høringssvar frå Vestlandsrådet til "NOU 2024: 7 Norge og EØS: Utvikling og erfaringer"**

Møre og Romsdal fylkeskommune, Vestland fylkeskommune og Rogaland fylkeskommune ønsker at Vestlandsrådet svarar på høyringa til Utanriksdepartementet om NOU 2024: 7 Norge og EØS: Utvikling og erfaringer.

Høringssvaret til Vestlandsrådet bør legge til grunn det som er felles i høyringssvara til fylkeskommunane.

Frist for å svare på høyringa er 01.09.2024.

Det vil utarbeides eit felles høringssvar til behandling i Vestlandsrådet.

Legger ikke ved NOU 2024:7 i innkallinga - men link til dokumentet i ulike format her:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2024-7/id3033576/> - regjeringen.no

## **Tid og stad for neste møte i Vestlandsrådet**

Det er kommet tilbakemeldinger på at fastsatt dato for møtet, 21.08.2024, kolliderer med Nor-Fishing 2024.

Det er og kommet forslag om å samordne møtet med ONS som arrangeres uka etter - viser her til sak om ONS på sakslista.

AU må drøfte dette og eventuelt bestemme seg for ny dato og stad for møtet.

Toril Hovdenak  
fylkeskommunedirektør

Vedlegg

WIN29 søknad Vestland fylkeskommune